

**RETURPENGAR //** – Eg ville heim, men hadde ikkje råd til reisa, seier rumenske Florin Valentin. No får Nav krass kritikk frå Robin Hood-huset.

# Samlar flasker for å få råd til heimreisa

ELISE LØVEREIDE  
elise.lovereide@bt.no

EØS-borgarar har rett til å få søknadar om returpengar handsama, men Robin Hood-huset meiner Nav Bergenhus ikkje les søknadane dei får inn.

– Alle søknadar får individuell handsaming, svarar Nav.

– Dette har gått føre seg over tid og handlar eigentleg om korleis Nav møter hjelptrengjande menneske, seier dagleg leiar i Robin Hood-huset, Marcos Amano.

## Betre framtid

Valentin (28) kom til Bergen 2. mai i år, då han i heimlandet Romania fekk høyre at det fanst arbeid i Norge. Han har elektrofag på vidaregåande skulenivå, men gjekk arbeidslaus i Romania i eit år før han drog til Bergen. Heller ikkje her fekk han jobb.

– Eg ville ha ei betre framtid og forsørgje foreldra mine. Eg kunne ta kva som helst jobb, men det fanst ingen, seier han.

Dermed måtte han samle flasker for å overleve. Om natta sov Valentin anten hjå Kirkens Bymisjon, eller i parkar der ingen gjekk.

– Eg ville unngå å tigge. Eg likte ikkje å rote gjennom søppel for å overleve, men det var ingen annan måte å overleve på, seier Valentin.

## Ville ikkje lese

I juni var han i møte med Nav for å få behandla søknaden om å få dekka heimreise. Trass i at Nav er forplikta til å lese og vurdere søknadane frå alle som har lovleg opphold i riket, avviste dei å gjere dette, meiner Valentin, som korkje kan engelsk eller norsk.

– Han hadde søkt om hjelp til å kome seg til Torp, derfrå ville han kunne klare seg sjølv, men dei vil ikkje lese søknaden hans. Dei kan ikkje vite kva naudsituasjon folk er i dersom søknadane ikkje eingong blir lese, seier Amano.

– Kva definerer du som naudsituasjon?

## FAKTA

### EØS-borgarar sine rettar i Norge

- Avtalen seier at EØS-borgarar kan ferdast fritt innan EØS-området.
- Alle EØS-borgarar med gyldig ID-kort/pass kan kome til Norge og vere her inntil tre månader.
- EØS-borgarar som er aktive arbeidssøkjarar, og har meldt dette til politiet, kan opphalde seg i landet på same vilkår i inntil seks månader.
- Ein har rett til å ta arbeid i alle EU/EØS-land og å bli tilsett på same vilkår som landet sine borgarar.
- Mogelegheta for å få økonomisk stønad i Norge er avgrensa for EØS-borgarar. Økonomiske rettar blitt oppnådde gjennom fast bustad i Norge, eller gjennom arbeid.
- For at ein person skal ha fast adresse i Norge, er det ein føresetnad at opphaldet er lovleg og over ei viss lengde. Er det tvil om ein person har fast bustad, må NAV-kontoret ta ein individuell vurdering. I vurderinga inngår det om personen er folkeregistrert i Norge, har ektefelle og eventuelt barn busett i Norge, har medlemskap i folketrygda, har skatteplikt i Norge, samt personen sin busituasjon.

Kilde: Regjeringen.no, Nav.no



**FEKK IKKJE JOBB:** Florin Valentin (til v.) måtte sove i parkar den månaden han var i Bergen. Han seier Nav ikkje eingong

– Dersom dei ikkje har mat eller tak over hovudet, kan ein seie at dei er i naud. Sjølv om dei ikkje alltid vil ha rett på hjelp, har dei rett på å få søknaden handsama, seier Amano.

## Rett på råd og rettleiing

– Nokre vil innvende at ein som turist i Norge ikkje kan krevje å få dekka reisa. Kva skil desse frå turistar?

– Om dei er turistar eller ikkje er ikkje det sentrale her sidan desse menneska er i naudsituasjon utan mat og tak over hovudet. Det finst sjølv sagt innvendingar mot at ein skal få dekke heimreisa, også moralske, men Nav må ta omsyn til lovverket. Lova og forskrifter seier at alle som har lovleg opphold i riket, har rett på råd og rettleiing frå Nav. Dei som ikkje er å rekne som busette i riket, kan i særskilde høve ha rett på økonomisk stønad, seier Amano.

## Har reist heim

Valentin vil ikkje lenger ha nokon hjelp frå Nav. Han har samla flasker for å få råd til reisa frå Torp til Romania, men har førebels ikkje pengar til den 800

kilometer lange togturen frå flyplassen.

– Eg ville heim, men hadde ikkje råd til reisa. Eg vil ikkje forARGE nokon, seier han.

Etter ein månad i Bergen har han no dratt heim att, men det er uvisst om han har kome seg frå flyplassen til heimstaden i Romania.

**Eg ville unngå å tigge. Eg likte ikkje å rote gjennom søppel for å overleve, men det var ingen annan måte å overleve på.**

Florin Valentin

– Saka til Florin knyter seg til alle som oppheld seg i Norge på lovleg grunnlag. Dette er eit døme på uforsvarleg handsaming frå Nav si side, seier Amano.

## 19 personar sökte råd

Så langt i 2016 har Robin Hood-huset hatt 25 rådgjevingssamtaler knytt til behov for heimreise. Totalt har 19 personar frå Romania, Sverige, Marokko, Tyrkia og Uruguay vore til slike samtaler frå byrjinga av januar til byrjinga av juni.

16 av dei 19 var EØS-borgarar, som altså har rett på å få handsama søknaden om å få dekka reisa heim.

– Eg uroar meg for folk som er i ein naudsituasjon og får grunngjevinga frå Nav om at dei ikkje er norske, og dermed ikkje har nokon rettar. Som EØS-borgarar har dei jo det, seier Amano.

Han viser også til at Nav ikkje har lov til å gje munnleg svar på søknadar, slik Valentin seier han har fått.

Amano fortel at Robin Hood-huset har jobba opp mot kommunen sidan 2012 for å få ei avklaring på rettane til EØS-borgarar, som Florin Valentin.

I desember fekk ein rumensk familie heller ikkje dekka returnreisa, og blei viste vidare til ambassaden i Oslo. I denne saka greip Fylkesmannen inn og omgjorde vedtaket frå Nav.



Foto: ELISE LØVEREIDE

ville lese søkeren hans om å dekka heimreisa til Romania.

## – Handsamar alt vi får inn

– Vi handsamar alle søkerne vi får inn. Det er helt framand for oss når Robin Hood-huset påstår noko anna, seier sosialsjef i Nav Bergenhus, Gitle Lunde.

Lunde fortel at alle søkerne får individuell handsaming.

– Det kom fire rumenske menn til oss, der tre av dei opplyste at dei ikke hadde noko å leve av. Desse fekk naudhjelp i form av mat og flybillett til ambassaden i Oslo. Dei hadde sjølv billettar frå Oslo til Romania. Den siste mannen skulle reise heim frå Torp ei veke seinare. Vi forstod det slik at han hadde nettverk i Norge, og oppfatta at han ikke trengde akutthjelp. Han leverte heller ikke søker til oss, seier Lunde om Valentin.

### – Fekk ingen søker

Ifølgje Lunde er det mange som ikke leverer søkeren etter at dei har fått råd og rettleiing. Oftast er dette fordi dei forstår at

dei ikke kvalifiserer til å få hjelp. – Men var ikke mannen i ein naudssituasjon når han levde på flasker og søppel?

– Vi visste ikke om dette, og fekk ikke nokon søker fra han. Mannen skulle reise ei veke seinare, og vi forsøkte sjølv sagt å kommunisere med han, seier Lunde, og legg til at det kan oppstå kommunikasjonsproblem i slike saker.

### – Moralen er politisk

– Vi nekter ingen å søker, og vi får hundrevis av søkerne frå EØS-borgarar kvart år, seier sosialsjefen.

Nav blir styrt av lova om sosiale tenester samt forvaltningslova, og Lunde understrekar at EØS-borgarar blir handsama som alle andre.

– Dette er ein vanskeleg situasjon, der moralen i det er eit politisk spørsmål. I ein naudssituasjon har ein rett på hjelp fram til ein kan forlate riket, men i prinsippet skal folk forsørge seg sjølv, seier Lunde.

Spørsmålet om Bergen kommune sitt ansvar for naudhjelp, blei tatt opp i bystyret onsdag denne veka.

### – Vil ha møte

– SV stilte spørsmål om Nav Bergenhus si handsaming i desse sakene, men det ligg nokre misforståingar her. Eg er trygg på at Nav sikrar alle sin rett til å få individuell vurdering. Vidare ønskjer vi å samarbeide med Robin Hood-huset for å gje eit verdig tilbod til menneske i naud, seier byråd i Bergen kommune, Erlend Horn (V).

Kommunen ønskjer derfor å møte representantar frå Robin Hood-huset for å planleggje tiltak, og forhåpentlegvis få desse på plass i 2017.

– Det ligg nok ein del kommunikasjonsproblem og misforståingar til grunn i denne saka. Alle har krav på skriftleg vurdering, men dei får også informasjon munnleg om at alle ikke har krav på å få dekka heimreisa, seier Horn.



## Dro inn to millioner på 12 plasser

**OSLO:** Over 4000 bilister er bøtelagt etter at parkeringsplassen utenfor Oslo rådhus ble omgjort til MC-parkering for litt over et halvt år siden. Det har gitt Oslo 2.119.000 kroner i kommunekassen. – Det er et veldig høyt beløp,

og det sier noe om at det nok ikke har vært tydelig nok oppmerking av plasene, sier Anja Bakken Riise, byrådssekretær for miljø og samferdsel fra Miljøpartiet De Grønne, til NRK. NTB



Foto: SOLUM, STIAN LYSBERG

## Hareide i Pride-paraden: – Angår oss alle sammen

**OSLO:** Rekordmange var med i Oslo Prides parade lørdag. Blant dem var KrF-leder Knut Arild Hareide, som er den første lederen i partiets historie til å delta. – Når en minoritet opplever hatkriminalitet, vold og trusler, så angår det oss alle, sa Hareide til NTB. KrF-lederen har mottatt mye kritikk av egne partifeller for å delta i paraden, og flere KrF-ere skal ha meldt seg ut av partiet som følge av dette. Oppslutningen om paraden var i år rekordstor. – Vi har ingen eksakte tall, men det må ha vært over 30.000 deltakere i paraden og over 160.000 tilskuere, sa Hans Heen Sikkeland, styreleder i Fri

## Drivstoff-stopp på flere flyplasser



**OSLO:** Streik fører til at det ikke leveres drivstoff til flyplassene i Stavanger, Bergen og Tromsø. – Fra 29. juni vil konflikten bli trappet opp. Da vil vi også ta ut de ansatte på Værnes og Bodø i streik, sier han. Organisasjonsdirektør Carla Botten-Verboven i Norsk Industri sier hun frykter streiken kan få store, negative konsekvenser for luftambulansen og flytrafikken. NTB

## Alvorlig skadd i ulykke på Goliat

**TROMSØ:** En mann i slutten av 40-årene er brakt til Universitetssykehuset Nord-Norge i Tromsø med alvorlige skader etter en arbeidsulykke på Goliat-plattformen. – Tilstanden er alvorlig, men stabil. Skadene er ikke livstruende, sier kommunikasjonsrådgiver Per-Christian Johansen ved sykehuset til Stavanger Aftenblad lørdag kveld. Det er ukjent hva som førte til ulykken. NTB

## Verdens høyeste sankthansbål

**ÅLESUND:** Sankthansbålet på Slinningsodden i Ålesund er målt til 47,4 meter, noe som er ny verdensrekord. Lørdag kveld gikk hele stasen opp i røyk. Noe forsinket ble verdens høyeste sankthansbål tent lørdag kveld, med brannvesenet i beredskap og omkranset av småbåter. Rekorden ble lørdag ettermiddag bekreftet av Møre og Romsdal politidistrikt. Bålet er bygget opp av paler og helt uten maskinell hjelp. NTB